



Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet 07.02.23.

Til stades: Beate Bondevik Lie (politisk vald), Anne Therese Moen (FAU), Sonja Rutledal (lærartilsett), Elin Anette Hillestad (andre tilsette) og Hilde Holte Selland (rektor).
Forfall: Øyvind Oksnes (FAU), Monika Reime (FAU), Nikolai Solheim (elevrådsrepr.), Charlotte Orrestad (elevrådsrepr.), Ivar Garpestad (lærartilsett),

Sak 9 - 2022/23: Referat frå sist

-Ordensreglementet blei teke opp i elevråda i nov. Ingen merknad, så det er no vedtatt.

Sak 10 - 2022/23: Nasjonale prøver hausten 2022

- Gjekk gjennom dei kommunale og HBUS sine resultat i dei grunnleggande ferdigheitene lesing, rekning og engelsk. Jamt over er skulen fornøgd med resultatata. Kvart år ligg me under landssnittet på engelsk 5. kl. Men me har ingen fritak der, alle elevane gjennomfører. Lesing gjer det gjennomsnittleg og rekning langt over gjennomsnittet. Rekning har alltid veldig gode resultat på dei nasjonale prøver på dei tre trinna.
- Vegen vidare: resultatata er delt med klasseteam og spes.ped.team. Ein føl opp elevar som ligg på og under bekymringsgrensa.

Sak 11 – 2022/23: Brukarundersøking – Elevundersøking og Foreldreundersøking

- **Elevundersøking:** i lag såg me på skulen sine resultat oppimot landet sine resultat. Det som er «gula» ut er score høgare enn landet. Indikator som læringskultur, meistring, felles reglar og utdanning/yrkesretteleing syner veldig god framgang. Elevdemokrati og elevmedverknad jobbar me intensivt med gjennom rettleiing frå HVL. Indikator på mobbing får òg utslag. Skulen opplever utfordring med tøff språkbruk blant elevane som er krenkande. Inspektør og sosiallærer skal ta Spekter- ikkje anonym spørjeundersøking på tre årskull. Vedtak: Skulen må samarbeide med foreldra for å jobbe med betre språkbruk. Følgje opp gjennom foreldremøte, samtale og foreldrenettverk.
- **Foreldreundersøking:** FAU har ikkje fått gjennom resultatata. Skal opp på neste FAU møte. Svarprosenten er 35,1%, alle klasser er representert. Saman såg me på indikatorane digitale ferdigheiter, foreldremøte og FAU/SU.

Sak 12 - 2022/23: Rekneskap og budsjett

- Pr. 20. jan. er forbruket for 2022 registrert på 104,39% i skule. Underskot på 500 000,-. Har hatt stort sjukefråvær og mykje bruk av vikar. Har tilset ekstra bemanning p.g.a. nye elevar. Skyss og transport har eit overforbruk på kr. 150 000. Det skyldast transport til skulesymjing to gonger i veka.
- Pr. 20. jan. er forbruket for 2022 registrert på 160,12% i Sfo. Utgiftene har vore større enn inntektene. Alle 1. klassingane har 12 timars gratis Sfo som utgjer mindre inntekter i foreldrebetaling. Vore stort sjukefråvær og mykje bruk av vikar.
- **Budsjett 2023** er ganske likt 2022. Bygg har blitt overført til teknisk drift.

Sak 13 – 2022/23: Statusrapport FAU

Hjartesone- skilt er på plass, informasjon er sendt ut til alle heimar, ein har fått trafikktryggingmidlar frå fylkeskommunen. Valfag trafikk har fått i oppdrag å lage film.



FUG er invitert til Luster 7. og 9. mars. Hafslo får besøk av Jørgen Kåsa torsdag 9. mars og det blir fire ulike foredragspakker den dagen.

Julefest- alle ynskjer å halde fram med to festar, ein for 1.-4. kl. og ein for 5.-7. kl.

Gratisprinsippet har blitt drøfta.

Elevrådet har meldt inn gaming i friminutt som sak. Det møtte ingen frå elevrådet som kunne fortelje meir om saken. Melder saken vidare til FAU.

Sak 14 – 2022/23: Orienteringssaker

- Ungdomsklubben Hokus Pokus har opna. Dei vil ha ope torsdag i partalsveker og onsdag i oddetalveker. Opningstid kl. 14.30 – 20.00
- Lag og organisasjonar har oppgradert kantina med utstyr som servise, bestikk, glas og andre kjøkkenrelaterte ting. Ann Elisbeth frå 4H har rydda og vaska, og plassert ting på plass i skåpa.
- Auditoriet er for tida ikkje funksjonelt med lyd og bilete. Kommunen har fått anbod frå Josvanger elektro på oppgradering. Pr. dags dato står saken på stedet kvil.
- Samarbeid med FAU og FUG.
- 22. mars kjem Miljøretta helsevern og har tilsyn oppimot etterklangstid og støy frå tekniske installasjonar.
- Nye elevar er på plass og det er mykje organisering og planlegging for å få gode dagar for elevane.
- Skulefotografering våren 2023 for 1., 7. og 10. klasse

Sak 15 - 2022/23: Ymse

-Ingen innmeldte saker.

Hafslo, 14.02.23

Ref. Hilde